

# ETTERTANKE OG BØN

30.OKTOBER 2019

«Vend øyret til meg, skund deg og redd meg! Ver meg eit vern og eit berg, ei borg til frelse!»

Salme 31,3

Far i himmelen! Overalt ropar menneske til deg om å bli fridd ut frå sjukdom, økonomiske vanskar, rus, fattigdom og øydeleggjande relasjonar. Det skjer også i vår by. Og me ber: Grip inn når folk ber og gje dei den hjelp som dei treng. Må ingen føra at dei ber til deg utan at det nyttar.

Men enno meir ber me om at dei skal bli fri frå alle syndene sine, og ikkje berre resultatet av dei. Me ber om at byen vår skal badast i lyset frå Jesus slik at folk ser at dei må venda om og overgje seg til han for å få del i den evig frelse som han har gjort ferdig for alle ved sin død på krossen.

Me ber om nye tider for samfunnet vårt der nye folk stadig står fram offentleg og proklamerer at dei no trur på Jesus og at han er blitt Herre i deira liv.

## Pularfolket i Senegal




Pularfolket i Senegal er ein del av det store fulanifolket som lever over heile Vest-Afrika.

Det er 1 million av dei, og språket deira er pulaar.

Simpelthen alle er muslimar, men dei fleste blandar animisme, spiritisme, fetisjisme og andre magiske øvingar inn i trua si.

Pularfolket er for det meste bønder og seminomadar. Dei siste åra har stadig fleire flytta inn til byane etter kvart som det blir for lite åkerjord og beiteland.

Herre Jesus Kristus! Du er verdas lys, og du er det lyset som opplyser KVART menneske. Pularfolket lever i stummande mørker, og me ber: Lys for dei også, slik du lyser for oss. Me er så privilegerte som er blitt kjent med deg. Du har gjort oss så enormt rike. Må denne rikdomen også bli pularfolket til del. Kall apostlane dine inn i nordvest Senegal for å dela evangeliet med dette folket i ånd og kraft. Pularane er bundne av islams lenker og av synda og djevelens makt. Men DU er den som kom for å setja fangane fri, og me ber om at det no skal skje med pularfolket i Senegal. Amen!



### Fulani, Pulaar in Senegal

People Group Location from IMB. Other Map Data/Geography from GMMS (GMI). Map by Joshua Project



## Amerikansk pastor arrestert og fengsla i India

5..oktober vart pastor Bryan Nerren frå Tennessee arrestert og fengsla for å ha brote India si utlendingslov. Kva han er klaga for er ikkje blitt gjort kjent. Saka hans skal rettshandsamast 12. desember.

Nerren hadde kome til India for å halda kristne konferansar der og i Nepal. I 17 år har han halde på med dette, så arrestasjonen kom ganske overraskande på han og teamet hans.

Etter at det hinduradikale Bharatiya Janata Party (BJP) kom til makta i 2014, har talet på overgrep mot kristne auka valdsamt. No skjer det på dagleg basis.

**Gode Gud og Far! Me ber for pastor Bryan Nerren at du skal passa godt på han medan han sit i fengsel i India, og me ber om at du vernar heile mannen med kropp, sjel og ånd. Fyll han med fred. Ver du for han eit vern og eit berg og ei borg til frelse. Amen!**

## Somalia



Areal 637 657 km<sup>2</sup>. Hovudstad: Mogadishu. Folketal: om lag 11 millionar fordelt på 22 folkegrupper som snakkar 15 ulike språk. 99,67% av befolkninga er muslimar. 0,33% er kristne.

Somalia er eitt av verdas mest ulukkelege og medherja land. Mange års borgarkrig har splitta landet opp i mange mindre

«kongeriker» styrt av væpna klanar, og dessutan er Somalia stadig heimsøkt av tørke som tek livet av hundretusenvis av menneske. Organisasjonar og enkeltpersonar som prøver å hjelpe, møter massive hindringar. Her har djevelen eit skikkeleg godt fotfeste.

**Be om eit veldig vern over alle som prøver å hjelpe menneska som bur i dette landet.**

Somaliske kvinner er i stor grad utsett for kjønnslemlesting.

**Be om at desse overgrepene må ta slutt i Jesu namn.**

Menneskesmuglarar kidnappar somaliske barn i store mengder for å selja dei til slaveri og prostitusjon.

**Be om at Gud må setja ein stoppar for denne grove uretten, at kvinner og menn skal reisa seg mot det som skjer, at somaliske foreldre skal passa på barna sine og slett ikkje finna på å selja dei, at denne marknaden for menneskehandel skal tørka inn.**

Somalia har verdas lågaste helsebudsjett og verdas høgaste barnedødeleghet. Gjennomsnittleg levealder er 52 år.

**Be Gud om å syna dette landet nåde.**

Somaliarar koplar kristendomen til vestleg moralsk dekadens.

**Be om at dei skal forstå at Jesus og Vesten er to ulike ting, at Jesus kom for å ta bort synda og ikkje heia ho fram. Be om at somaliarane også skal forstå at DEI er syndarar som treng å tru på Jesus for å bli frelst.**

**Be om ein åndeleg revolusjon i landet som fjernar hat og vald frå hjarto, at det skal koma ei vekking som gjer somaliarane til nye menneske som elskar Gud over alt og nesten som seg sjølv.**

Du finn somaliske flyktningar snart i alle verdas land, men mest i nabolanda.

**Be om at desse flyktningane skal få møta kristne menneske som kjem inn i liva deira med hjelp og positive insitament.**

Bibeloversettinga av 1977 er no revidert og i sal i Kenya.

**Be om at Guds ord skal snika seg inn i somaliske sinn, og langsamt også innta somalisk land.**